



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Fokus på FoU, formidling og strategi for å auke produksjonen av økologisk frukt og bær

Oppdrag frå Føregangsfylket for økologisk frukt og bær

NIBIO RAPPORT | VOL. 2 | NR. 147 | 2016



Gunnhild Jaastad
NIBIO Ullensvang

TITTEL/TITLE

Fokus på FoU, formidling og strategi for å auke produksjonen av økologisk frukt og bær

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Gunnhild Jaastad

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
20.12.2016	2/147/2016	Åpen	10217	16/620
ISBN:		ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:
978-82-17-01751-6		2464-1162	11	Vedlegg

OPPDRAUGSGIVER/EMPLOYER:

Fylkesmannen i Hordaland

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Frøydis Lindén

STIKKORD/KEYWORDS:

Økologisk, frukt, bær, FoU, formidling,
plantevern

Organic, fruit, berries, research, plant protection

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Økologisk frukt og bær

Organic fruit production

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Sjå side 4

LAND/COUNTRY:

Land

FYLKE/COUNTY:

Hordaland

KOMMUNE/MUNICIPALITY:

Ullensvang

STED/LOKALITET:

Lofthus

GODKJENT /APPROVED

Inger Martinussen

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Gunnhild Jaastad

NAVN/NAME



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Innhold

1	Samandrag.....	4
2	Kort om Føregangsfylket for økologisk frukt og bær	5
3	Oppdraget.....	6
3.1	Initiere FoU prosjekt knytt til utfordringar i økologisk frukt- og bær dyrking	6
3.2	Arbeide for å betra plantevern i økologisk frukt- og bær dyrking.....	6
3.3	Informasjon og formidling i media og fagforum.....	6
3.4	Strategisk arbeid i FFFB for å nå nasjonale mål	7
4	Initiere FoU prosjekt knytt til utfordringar i økologisk frukt- og bær dyrking	8
4.1	Skisser til nye økologiske FoU-prosjekt	8
4.2	Økologisk frukt og bær som del av forskingsprosjekt.....	8
5	Betra plantevern i økologisk frukt og bær dyrking.....	9
5.1	Godkjenningsprosess og informasjonsflyt.....	9
5.2	Nye middel.....	9
5.3	Informasjon til produsent/rettleiing.....	9
6	Informasjon og formidling	10
6.1	Internett	10
6.2	Fagtidsskrift	10
6.3	Føredrag	10
7	Strategisk arbeid.....	11
7.1	Organisering av prosjektarbeidet (workshop).....	11
7.2	Strategi for avslutningsåret	11

1 Samandrag

Føregangsfylket for økologisk frukt og bær (FFFB) gav NIBIO ved Gunnhild Jaastad i oppdrag å vidareføre og ferdigstille arbeid som Jaastad hadde hatt ansvar for i perioden som tilsett i FFFB. Oppdraget var å 1) initiere FoU prosjekt knytt til utfordringar i økologisk frukt- og bær dyrking, 2) arbeide for betra plantevern i økologisk frukt- og bær dyrking, 3) informasjon og formidling om økologisk frukt og bær i media og fagforum og 4) strategisk arbeid i FFFB for å nå nasjonale mål.

Det er i perioden etablert forumet ForskSmart som skal vere eit forum for å initiere og støtte prosjekt knytt til fruktproduksjon. Jaastad var ein av dei som var med i etableringa av forumet. Økologiske problemstillingar vert viktige arbeidsområde.

Jaastad har i oppdragsperioden vore med i utforming og kome med innspel til fleire FoU prosjekt med tema som er viktige for økologisk produksjon. Det vert avklara om desse får finansiering i innan februar 2017.

I oppdragsperioden er det arbeidd med innhenting av informasjon om ulike aktuelle plantevernmidde for økologisk produksjon. Det er arrangert møte med aktuelle aktørar i godkjeningsprosessen, og i ettertid er det etablert i gruppe som skal arbeide med oppfølging.

Jaastad har publisert nettartiklar, skrive pressemeldingar, lagt ut nyhende på FFFB si Facebookside og halde føredrag om økologisk frukt. Det er såleis formidla informasjon om økologisk frukt og bær i oppdragsperioden.

2017 er siste år for FFFB og det å leggje ein god strategi for å oppnå dei målsetjingar som er sett har vore viktig. Jaastad har bistått prosjektleiar Frøydis Lindén i dette arbeidet.

2 Kort om Føregangsfylket for økologisk frukt og bær

Statens Landbruksdirektorat oppretta i 2010 Føregangsfylke for økologisk matproduksjon som ledd i å nå dei nasjonale måla for økologisk matproduksjon. Seks Føregangsfylke med seks ulike tema vart etablert, alle forankra hjå Fylkesmannen; økologisk korn, levende matjord, økologisk mjølk, økologisk grønt, forbruk i storhushaldning og økologisk frukt og bær. Fylkesmannen i Hordaland og Sogn og Fjordane leia Føregangsfylket for økologisk frukt og bær (FFFB). I 2014 fekk FFFB eit nasjonalt ansvar og har sidan arbeidd i alle frukt- og bærdistrikt. FFFB har hatt som hovudmål å stimulere til aktivitet i eksisterande organiasjonar for at aktiviteten og ansvaret skal vidareførast etter 2017.

Gunnhild Jaastad arbeidde i FFFB prosjektet i 2014 og 2015. Dette oppdraget er ei vidareføring og ei avslutning av det arbeidet som Jaastad hadde ansvar for i prosjektet.

3 Oppdraget

3.1 Initiere FoU prosjekt knytt til utfordringar i økologisk frukt- og bær dyrking

For å løse dei utfordringane som finst for å få til ein lønnsam produksjon av økologisk frukt- og bær er det trong for forsking- og utviklingsarbeid. FoU-midlar til økologisk landbruk var tidlegare øyremarka i Forskingsrådet (NFR). Slik er det ikkje lenger. Det er såleis viktig å formidle til næring og forsking at prosjekt knytt til økologisk frukt- og bær høyrer inn under, og er velkomne i NFR program som til dømes Bionær.

Det vert sett som mål i oppdraget å:

- Fylgje opp forskingsmøtet som vart halde i januar 2016 og sende inn skisser til Norsk Forskingsråd kor økologiske problemstillingar er inkluderte.
- Arbeide for å få inn tre søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale forskingsfond, kor problemstillingar relevante for norsk økologiske frukt- og bærproduksjon vil verte inkluderte.

3.2 Arbeide for å betra plantevern i økologisk frukt- og bær dyrking.

Planteskadegjerarar er ein av dei viktigaste årsakene til fråsortering i økologisk fruktproduksjon. Skadegjerarar og ugras må i økologisk produksjon kontrollerast med førebyggjande og alternative tiltak. Det er fleire plantevernmiddele som er nytta i andre europeiske land, men som ikkje er tilgjengelege i Noreg. Ulike viruspreparat, bakteriepreparat og feromoner er eksempel på slike middele.

Det vert sett som mål for oppdraget å:

- Fylgje opp prosessen med godkjenning av middelet Bt (Turex)
- Granulosevirus (Madex) og feromonforvirring mot epleviklar; kartlegge korleis ein kan få til ei framtidig godkjenning av desse plantevernmiddele.
- Oppfylgning av liste for «basic substances» i ny forskrift for bruk av plantevernmiddele i Noreg.
- Dialog med Mattilsynet og andre relevante aktørar for godkjenning av middele i økologisk drift. Kartlegge, foreslå tiltak og eventuelt gjennomføre dei, dersom det er økonomi til det i prosjektet.

3.3 Informasjon og formidling i media og fagforum

For å motivere til produksjon og for å skape merksemd og blest om økologisk dyrking trengs formidling gjennom media og nett. Særleg er det viktig å formidle suksesshistorier for å skape ei positiv haldning til økologisk landbruk.

Det vert sett som mål for oppdraget:

- 6 nyheitsartiklar for nett frå prosjektarbeidet til Føregangsfylke økologisk frukt og bær
- 1 artikkel for tidsskrift etter avtale med prosjektleiaren i prosjektet FFFB

3.4 Strategisk arbeid i FFFB for å nå nasjonale mål

Kva strategiar som er dei rette for å nå nasjonale mål vil endre seg alt etter endringar i marknad, omsetting, produksjon og politikk. FFFB må tilpasse sin strategi for få best mogeleg måloppnåing i prosjektperioden. Dei siste åra har prosjektleiar og prosjektmedarbeidar gjennom diskusjon tilpassa FFFB sin strategi og gjort prioriteringar i prosjektet. God vurdering og prioritering har vore avhengig av meningsutveksling og ulik erfaring.

Det vert sett som mål i oppdraget:

- Jaastad vil delta i planlegging og oppfylging av workshop med Øritsland/Karlsen våren 2016
- Bidra i diskusjonar med prosjektleiar om evalueringsprosessen av føregangsfylke som Landbruksdirektoratet startar i 2016, og i skissering av planar for avslutningsåret 2017.

4 Initiere FoU prosjekt knytt til utfordringar i økologisk frukt- og bær dyrking

Totalt brukt om lag 40 timar.

4.1 Skisser til nye økologiske FoU-prosjekt

Fagforumet/strategigruppa ForschSmart vart etablert etter dialogmøte om FoU i januar. Jaastad var med på å initiere Forsch Smart. ForschSmart har som overordna mål at FoU skal bidra til å auke produksjonen av frukt og bær per areal. Fokus skal vere på både konvensjonell og økologisk produksjo. ForschSmart ynskjer å bidra i prioritering og utforming av projektskisser til NFR til skissefrist i februar 2017. Jaastad er NIBIO sin representant i strategigruppa.

4.2 Økologisk frukt og bær som del av forskingsprosjekt

Prosjektet 'Feromonforvirring mot epleviklar' vart organisert av NIBIO og finansiert av Føregangsfylket og NIBIO, og planlagt saman med SLU. Prosjektet vart gjennomført på økologisk eplegard i Telemark. NLR var ansvarleg for utføring av forsøksarbeidet. Resultata var overraskande. Liten fruktviklar og andre knopp- og bladviklarar var eit større problem enn epleviklar. Det vart testa to typar feromondispensarar, den eine kun retta mot epleviklar, den andre også retta mot fem andre viklarartar. Detaljerte resultat vil kome i eigen rapport.

Som eit resultat av dei overraskande resultata i prosjektet nemt over så har NIBIO søkt Landbruksdirektoratet om midlar til prosjektet 'Åme-åtak' der målsetjinga er å kartleggje utbreiing, skadeomfang og skadebilete av ulike viklararar som kan gjere skade i frukt. Prosjektet vil klargjere kva artar som er viktige og i neste omgang kva tiltak som er aktuelle. NLR er ein viktig medarbeidar i prosjektet.

NIBIO har saman med fleire europeiske land søkt EU-midlar til prosjektet INNOWEED som har som målsetjing å kontrollere ugras med ikkje-kjemiske tiltak. Frukt er ein av kulturane som er med i prosjektet. Det skal mellom anna testast om termiske tiltak kan nyttast mot ugras i frukt dyrking på Vestlandet.

Det er vidare søkt om midlar til eit prosjekt på stabile avlingar i plommer og eit på bruk av 'makkajuce' som plantestyrkande middel. Begge desse problemstillingane er viktige i økologisk fruktproduksjon.

5 Betra plantevern i økologisk frukt og bær dyrking

Totalt brukt om lag 40 timar.

5.1 Godkjenningssprosess og informasjonsflyt

Det vart gjennomført eit møte mellom Mattilsynet, Debio, NIBIO, NLR, importør og faglaga i september. Målet var å få i gang ein dialog for å kunne arbeide med tilgang og godkjenning av plantevernmiddelet til bruk i økologisk frukt- og bær dyrking. Møtet tydeleggjorde dei ulike partane sine roller, mandat og interesser. Som resultat av møtet vart det sett ned ei gruppe som skal arbeide opp mot aktuelle aktørar med tanke på nye godkjenningar. Gruppa skal leiast av fagansvarleg for frukt og bær i NLR. Utfordringar på plantevernssida er grunnlag for prioriteringar i gruppa.

Det har i oppdragsperioden vore jamn dialog om plantevernmiddelet for økologisk produksjon mellom Mattilsynet, Gunnhild Jaastad, Sigrid Mogan i NLR og fleire som arbeider med plantevern i NIBIO.

5.2 Nye middelet

Bakeriepreparatet Bt (Turex) er søkt godkjent hjå Mattilsynet. Middelet har vore vurdert av VKM og sendt tilbake til Mattilsynet. Det er enno ikkje gjort endeleg vedtak i Mattilsynet.

Viruspreparatet Madex vart søkt godkjent av Felleskjøpet, men vart seinare trekt på grunn av at marknaden vart vurdert som for liten. I dialog med Felleskjøpet Agder er dei opne for å søkje på nytt om middelet er aktuelt for både konvensjonelle og økologisk produsentar, og om epleviklar vert eit større nasjonalt problem enn det er i dag.

Feromonforvirring med bruk av luktdispenserar har vore testa som tiltak mot epleviklar i forsøket i Telemark (sjå eigen rapport). Mattilsynet er informert om at dette er eit svært aktuelt tiltak i økologisk produksjon.

Svoelkalk mot epleskurv er søkt godkjent, men søknaden er lagt vekk då det er nye reglar for godkjenning. Mattilsynet er gjort oppmerksom på kor viktig dette middelet er for økologisk produksjon, og er bedt om å prioritere det.

5.3 Informasjon til produsent/rettleiing

Jaastad har delteke på NLR si årlege plantevernssamling der diskusjon om aktuelle tiltak/middelet for økologisk produksjon og effekt av desse var viktig.

Det vart på dyrkarmøte for økologiske produsentar i Gvarv (omtala under 6.3) halde føredrag om førebyggjande tiltak mot skadegjerarar i fruktdyrking.

6 Informasjon og formidling

Totalt brukt omlag 30 timar.

6.1 Internett

Det er skrivne fem artiklar som er publisert på Føregangsfylket sine nettsider:

‘Prognose erstattar spå’, ‘Forvirra epleviklar i Gvarv’, ‘Auka omsetting, gode prisar, men lite volum’, ‘FoU kan bidra til auka volum av kvalitetsfrukt’.

Det er sendt tre pressemeldingar, to av dei er trykt i Bondebladet. Avisinnlegga er formidla vidare via Føregangsfylket si Facebook-side.

Gunnhild Jaastad har også bidratt jamnleg med innlegg på Føregangsfylket sine Facebook-sider.

6.2 Fagtidsskrift

Det er ikkje publisert artiklar i fagtidsskrift i prosjektperioden.

6.3 Føredrag

Gunnhild Jaastad har bidrege med informasjon om økologisk frukt dyrking på fleire fagmøte. På møte for økologiske frukt dyrkarar i Gvarv bidrog ho med to innlegg: Førebyggjande tiltak mot skadedyr i økologisk fruktproduksjon og Økonomi i økologisk eple- og plommeproduksjon. Tilbakemeldingar frå møtet tydeleggjorde at det er trong for meir FoU-arbeid og meir kunnskap om førebyggjande tiltak mot skadegjerarar i frukt.

7 Strategisk arbeid

Totalt brukt om lag 40 timar.

7.1 Organisering av prosjektarbeidet (workshop)

Det vart gjennomført ein workshop for styret og prosjektleiar i februar. Målet var å konkretisere og fokusere på dei arbeidsoppgåver som prosjektet skal prioritere framover. Gunnhild Jaastad deltok på møtet og har i ettertid oppsummert og diskutert vidare arbeid saman med prosjektleiar.

7.2 Strategi for avslutningsåret

Det har vore jamnlege møte og telefonsamtalar mellom prosjektleiar og Gunnhild Jaastad. Å leggje ein strategi for siste året i prosjektet har vore ein viktig del av desse møta.

Jaastad har særleg vore aktiv i arbeidet med å leggje strategi for arbeidet med plantevern i 2017.

Ein plan og strategi for 2017 er lagt. Det vert viktig å overføre den jobben som føregangsfylket har gjort og initiert til organisasjonar og aktørar som NLR, fruktlager, produsentorganisasjonar.

FFFB-prosjektet vil vonaleg har bidrege til at dei nasjonale måla for økologisk matproduksjon kan nåast.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.